Brønnøysundregistrene

# ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2022 - GENERELL INFORMASJON

**Enheten**

| | |
|---|---|
| Organisasjonsnummer: | 983 974 694 |
| Organisasjonsform: | Annet foretak iflg. særsk. lov |
| Foretaksnavn: | HELSE FONNA HF |
| Forretningsadresse: | Karmsundgata 120<br>5528 HAUGESUND |

**Regnskapsår**

| | |
|---|---|
| Årsregnskapets periode: | 01.01.2022 - 31.12.2022 |

**Konsern**

| | |
|---|---|
| Morselskap i konsern: | Nei |

**Regnskapsregler**

| | |
|---|---|
| Regler for små foretak benyttet: | Nei |
| Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: | Regnskapslovens alminnelige regler |

**Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ**

| | |
|---|---|
| Bekreftet av representant for selskapet: | Petter Steen jr. |
| Dato for fastsettelse av årsregnskapet: | 18.04.2023 |

**Grunnlag for avgivelse**

År 2022: Årsregnskapet er elektronisk innlevert

År 2021: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2022

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 10.07.2024

# Resultatregnskap

| Beløp i: NOK | Note | 2022 | 2021 |
|---|---|---|---|
| **RESULTATREKNESKAP** | | | |
| **Inntekter** | | | |
| Basisramme | 2,3 | 2 757 033 000 | 2 572 216 000 |
| Aktivitetsbasert inntekt | 2,3 | 1 296 857 000 | 1 243 911 000 |
| Anna driftsinntekt | 2,3 | 190 886 000 | 222 163 000 |
| **Sum inntekter** | 2,3 | **4 244 776 000** | **4 038 290 000** |
| **Kostnader** | | | |
| Kjøp av helsetenester | 4 | 336 519 000 | 309 119 000 |
| Varekostnad | 5 | 543 880 000 | 542 287 000 |
| Lønn og andre personalkostnader | 6,15 | 2 758 395 000 | 2 630 531 000 |
| Ordinære avskrivningar | 9 | 200 555 000 | 143 742 000 |
| Nedskriving av varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar | 9 | 0 | 437 000 |
| Andre driftskostnader | 6,7,9,12 | 538 677 000 | 500 067 000 |
| **Sum kostnader** | 2 | **4 378 026 000** | **4 126 183 000** |
| **Driftsresultat** | | **-133 250 000** | **-87 893 000** |
| **Finansinntekter og finanskostnader** | | | |
| Renteinntekt frå føretak i same konsern | 8 | 7 338 000 | 1 847 000 |
| Anna renteinntekt | 8 | 2 025 000 | 770 000 |
| Andre finansinntekter | 8 | 27 000 | 25 000 |
| **Sum finansinntekter** | 8 | **9 390 000** | **2 642 000** |
| Rentekostnad til føretak i same konsern | 8 | 33 248 000 | 10 575 000 |
| Annan rentekostnad | 8 | -5 837 000 | -9 442 000 |
| Andre finanskostnader | 8 | 51 000 | 39 000 |
| **Sum finanskostnader** | 8 | **27 462 000** | **1 172 000** |
| **Netto finans** | 8 | **-18 072 000** | **1 470 000** |
| **Ordinært resultat før skattekostnad** | 14 | **-151 322 000** | **-86 423 000** |
| **Ordinært resultat etter skattekostnad** | 14 | **-151 322 000** | **-86 423 000** |
| **Årsresultat** | 14 | **-151 322 000** | **-86 423 000** |

# Resultatregnskap

| Beløp i: NOK | Note | 2022 | 2021 |
|---|---|---|---|
| **Overføringar og disponeringar** | | | |
| Overført annan eigenkapital | 14 | -151 322 000 | -86 423 000 |
| **Sum overføringar og disponeringar** | 14 | **-151 322 000** | **-86 423 000** |

# Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2022 | 2021 |
|---|---|---|---|
| **BALANSE - EIGEDELAR** | | | |
| **Anleggsmiddel** | | | |
| **Immaterielle eigedelar** | | | |
| Lisensar, programvare og goodwill | 9 | 115 000 | 240 000 |
| **Sum immaterielle eigedelar** | 9 | **115 000** | **240 000** |
| **Varige driftsmiddel** | | | |
| Tomter, bygningar og annan fast eigedom | 9 | 2 761 106 000 | 2 607 129 000 |
| Anlegg under utføring | 9 | 91 790 000 | 96 594 000 |
| Medisinsk teknisk utstyr, inventar, transportmiddel ol. | 9 | 375 128 000 | 365 754 000 |
| **Sum varige driftsmiddel** | 9 | **3 228 024 000** | **3 069 477 000** |
| **Finansielle anleggsmiddel** | | | |
| Investering i andre aksjar og partar | 10 | 199 027 000 | 187 205 000 |
| Pensjonsmidlar | 15 | 421 545 000 | 343 786 000 |
| **Sum finansielle anleggsmiddel** | 10,15 | **620 572 000** | **530 991 000** |
| **Sum anleggsmiddel** | 9,10,15 | **3 848 711 000** | **3 600 708 000** |
| **Omløpsmiddel** | | | |
| **Varer** | | | |
| Varer | 11 | 33 051 000 | 42 743 000 |
| **Sum varer** | 11 | **33 051 000** | **42 743 000** |
| **Krav** | | | |
| Kundekrav | 12 | 21 930 000 | 17 009 000 |
| Konsernkonto | 12 | 402 168 000 | 728 516 000 |
| Oppsamla inntekter | 12 | 4 854 000 | 2 590 000 |
| Andre kortsiktige krav | 12 | 10 048 000 | 3 262 000 |
| Konsernkrav | 12 | 65 643 000 | 56 659 000 |
| **Sum krav** | 12 | **504 643 000** | **808 036 000** |
| **Bankinnskot, kontantar og liknande** | | | |
| Bankinnskot, kontantar ol. | 13 | 92 080 000 | 89 801 000 |
| **Sum bankinnskot, kontantar og liknande** | 13 | **92 080 000** | **89 801 000** |

# Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2022 | 2021 |
|---|---|---|---|
| **Sum omløpsmiddel** | | **629 774 000** | **940 580 000** |
| **SUM EIGEDELAR** | | **4 478 485 000** | **4 541 288 000** |
| | | | |
| **BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| **Eigenkapital** | | | |
| **Innskoten eigenkapital** | | | |
| Føretakskapital | 14 | 100 000 | 100 000 |
| Annan innskoten eigenkapital | 14 | 2 127 267 000 | 2 127 267 000 |
| **Sum innskoten eigenkapital** | | **2 127 367 000** | **2 127 367 000** |
| **Opptent eigenkapital** | | | |
| Annan eigenkapital | 14 | -209 100 000 | -57 779 000 |
| **Sum opptent eigenkapital** | 14 | **-209 100 000** | **-57 779 000** |
| **Sum eigenkapital** | 14 | **1 918 267 000** | **2 069 588 000** |
| **Gjeld** | | | |
| **Langsiktig gjeld** | | | |
| Andre avsettingar for forpliktingar | 16,22 | 59 535 000 | 59 614 000 |
| **Sum avsetjingar for plikter** | 16,22 | **59 535 000** | **59 614 000** |
| **Anna langsiktig gjeld** | | | |
| Langsiktig konserngjeld | 9,17,22 | 1 659 021 000 | 1 542 518 000 |
| **Sum anna langsiktig gjeld** | 9,17,22 | **1 659 021 000** | **1 542 518 000** |
| **Sum langsiktig gjeld** | 9,17,22 | **1 718 556 000** | **1 602 132 000** |
| **Kortsiktig gjeld** | | | |
| Leverandørgjeld | 18,22 | 131 388 000 | 133 099 000 |
| Skyldige offentlege avgifter | | 197 498 000 | 200 762 000 |
| Kortsiktig konserngjeld | 18 | 174 163 000 | 194 745 000 |
| Skyldige feriepenger | 18 | 241 992 000 | 226 084 000 |

# Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2022 | 2021 |
|---|---|---|---|
| Skyldig lønn | 18 | 55 890 000 | 68 744 000 |
| Forskudd fra kundar | 18 | 256 000 | 0 |
| Annan kortsiktig gjeld | 18 | 40 473 000 | 46 135 000 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | 18 | **841 660 000** | **869 569 000** |
| | | | |
| **Sum gjeld** | | **2 560 216 000** | **2 471 701 000** |
| | | | |
| **SUM EIGENKAPITAL OG GJELD** | | **4 478 483 000** | **4 541 289 000** |

Admincontrol

# List of Signatures

Page 1/1

### Helse Fonna HF - styret si årsmelding 2022.pdf

| Name | Method | Signed at |
|---|---|---|
| Bjordal, Brian David | BANKID_MOBILE | 2023-04-19 11:43 GMT+02 |
| Budal, Nina | BANKID | 2023-04-24 21:09 GMT+02 |
| Follesø, Kjersti Helen | BANKID | 2023-04-19 10:30 GMT+02 |
| Haavik, Laura Lill | BANKID | 2023-04-19 10:25 GMT+02 |
| Føyen, Morten Lyngås | BANKID | 2023-04-19 10:08 GMT+02 |
| Steen, Petter | BANKID | 2023-04-19 10:03 GMT+02 |
| Bratke, Heiko | BANKID_MOBILE | 2023-04-19 23:38 GMT+02 |
| Faugstad, Anne Sissel | BANKID_MOBILE | 2023-04-19 22:06 GMT+02 |
| Arianson, Helga Karin | BANKID_MOBILE | 2023-04-19 14:55 GMT+02 |
| Skogseth, Ingvill | BANKID | 2023-04-19 14:00 GMT+02 |

This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

External reference: AC33009233764E6D9F7B9EAD71CCC656

# Styret si årsmelding 2022

## Helse Fonna HF

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
AC33009233764E6D9F7B9EAD71CCC656

## Samandrag

Helse Fonna HF er eit helseføretak som gir spesialisthelsetenester til om lag 183 000 innbyggarar i 17 kommunar i fylka Rogaland og Vestland. Føretaket har to akuttsjukehus (Odda og Stord) og eitt stort akuttsjukehus (Haugesund). Føretaket har òg eitt psykiatrisk sjukehus (Valen), tre distriktspsykiatriske sentra (Stord, Valen/Odda, Karmøy/Haugesund) samt ti ambulansestasjonar. Helse Fonna HF er eigd av det regionale helseføretaket Helse Vest RHF.

Året 2022 blei også prega av koronapandemien og føretaket har hatt beredskap grunna dette i delar av året. Føretaket har hatt stort fokus på smitteverntiltak og har i periodar endra drifta monaleg som følgje av pandemi, mellom anna redusert planlagt behandling som til dømes operasjonar og poliklinikk Det har vore godt samarbeid med kommunane, men nokre kommunar har hatt utfordringar med å ta heim utskrivingsklare pasientar. Dette har i periodar ført til høgt tal på ferdigbehandla pasientar og korridorpasientar. God innsats frå medarbeidarar, tillitsvalte, vernetesta og leiarar har medverka til at føretaket i hovudsak har handtert situasjonen godt.

I 2022 var det om lag 26 000 døgnopphald ved sjukehusa i føretaket og det blei gjennomført om lag 250 000 besøk ved poliklinikkane. Talet på fødslar har gått monaleg ned.

I 2022 var gjennomsnittleg ventetid for alle pasientar som hadde starta behandling 67 dagar innan somatikk, 56 dagar innan psykisk helsevern for vaksne, 58 dagar innan psykisk helsevern for barn og unge og 30 dagar innan rus. Der helsehjelpa har starta i perioden, har det i Helse Fonna HF vore 13,7 % fristbrot innan somatikk, 4,4 % innan psykisk helsevern for vaksne, 2,7 % innan psykisk helsevern for barn og unge og 12,6 % innan rus.

Dei fleste kreftpasientar som blir behandla i føretaket blir inkludert i pakkeforløp. I sum blei pakkeforløpa gjennomført innanfor målet i 2021.

Innan psykisk helsevern er satsinga på dei distriktspsykiatriske sentra og barne- og ungdomspsykiatrien vidareført. Hovudfokuset innan psykisk helsevern har vore å sikre ei optimal ressursutnytting med frigjering av ressursar frå døgnbehandling til poliklinisk og ambulant behandling, samt å redusere bruken av tvang.
Sidan slutten av 2020 har det vore ein auke i talet på tilvisingar innan barne- og ungdomspsykiatrien. Føretaket har høg merksemd på dette og har sett inn fleire tiltak.

I statsbudsjettet for 2022 løyvde regjeringa lån til byggetrinn to ved Haugesund sjukehus. Føretaket har i 2022 arbeidd med forprosjektet og har tatt sikte på at byggearbeida startar i 2023 med riving og sanering av gammal bygningsmasse.

Forsking er ei lovpålagt oppgåve for sjukehusa. Føretaket satsar på å byggje vidare opp forsking og innovasjon. Forskarar i Helse Fonna HF publiserte 69 vitskaplege artiklar i 2022.

Helse Fonna HF arbeider kontinuerleg med å betre arbeidsmiljøet og å redusere sjukefråværet. Sjukefråværet har vore høgare enn vanleg i 2022. Gjennomsnittleg sjukefråvær i 2022 var 8,4 prosent.

Helse Fonna HF hadde eit underskot på 131,3 millionar kroner i høve til resultatkravet i 2022.

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
AC33009233764E6D9F7B9EAD71CCC656

## Strategi

Utviklingsplanen er helseføretaket sitt øvste strategiske dokument for korleis føretaket vil utvikle verksemda for å møte framtidig behov for helsetenester. Gjeldande utviklingsplan blei vedteken av styret i 2022. Den dannar grunnlag for prioriteringar, endringar og utviklingstiltak i føretaket. Utviklingsplanen skal vere eit verktøy i arbeidet med å nå måla i nasjonale planar og strategiar.

Utviklingsplan for Helse Fonna for perioden 2023-2026 er i tråd med mandat og nasjonal rettleiar. Arbeidet blei gjennomført i dialog med brukarrepresentantar, kommunar, fagmiljø, medarbeidarar, tillitsvalde, verneombod og andre aktuelle samarbeidspartar og aktørar. Det har vore omfattande aktivitet i form av dialog- og informasjonsmøter, både internt og eksternt, mellom anna til kommunar og regionråd. Styret i Helse Fonna HF har blitt løypande orientert om arbeidet.

Planen er basert på føringar som kom i Nasjonal helse- og sjukehusplan 2020-2023 (Meld. St. 7 2019- 2020) og regional strategi for Helse Vest, Helse 2035. Avgjerder i føretaksmøte i 2017 om akuttfunksjonar ved Stord og Odda sjukehus er lagt til grunn. Det same gjeld avgjerder som er gjort i samband med byggprosjektet (byggetrinn 1 og 2) ved Haugesund sjukehus.

Utviklingsplan for perioden 2023-2026 blei vedteken i styremøte i Helse Fonna 14.01.2022.

Spesialisthelsetenesta står i store utfordringar. Vi blir fleire eldre med kroniske sjukdomar, som vil trenge fleire helsetenester enn resten av befolkninga. Samtidig blir tilgangen på helsepersonell og dei økonomiske rammene strammare. Helse Fonna må ta fleire grep for å løyse desse utfordringane og utvikle pasienten si helseteneste på ein god måte.

I nasjonal helse- og sjukehusplan 2020-2023 blir desse måla framheva:

- Pasientane skal vere aktive deltakarar i den helsehjelpa dei får.
- Pasientane skal oppleve samanhengande tenester på tvers av sjukehus og kommunar.
- Sårbare pasientar skal oppleve at tenester blir gitt i eit team rundt dei.
- Pasientane skal oppleve ei samanhengande akuttmedisinsk kjede med tidleg innsats, der informasjonen følgjer pasienten heile vegen.
- Pasientar skal i større grad møte spesialisthelsetenesta heime hos seg sjølv.
- Pasientar skal oppleve at bruk av felles helsedata, ved hjelp av teknologi, gir betre og meir presis helsehjelp.
- Helsepersonellet skal jobbe i team rundt pasienten, utvikle tenesta i tråd med kunnskap om kva som verkar og utnytte mogleikane som teknologien gir.
- Helsefellesskapa skal vere arenaer for læring av kvarandre.

I utviklingsplanen for Helse Fonna vert det skildra korleis føretaket skal nå overordna nasjonale mål. I planen er det gjort framskrivingar fram mot 2040, men skisserte tiltak legg mest vekt på dei fire åra i planperioden; 2023-2026.



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
AC33009233764E6D9F7B9EAD71CCC656

## Resultat og måloppnåing

Føretaket har eit driftsresultat på minus 133,3 millionar kroner av ei total omsetning på 4 245 millionar kroner for 2022. Resultat etter finans viser eit underskot på 151,3 millionar kroner som er 131,3 millionar kroner lågare enn resultatkravet frå eigar.

Dei aktivitetsbaserte inntektene viser ein auke i forhold til 2021. Dette kjem i hovudsak av at aktiviteten innanfor somatikk tok seg noko opp i høve til 2021, sjølv om ein framleis har vore i ein pandemi. Aktiviteten var framleis lågare enn måltala. Anna driftsinntekt er redusert med 31,3 millionar kroner for 2022, noko som skuldast redusert kompensasjon for tapte aktivitetsbaserte inntekter og tiltaksmidlar i samband med pandemien i 2022 i høve til 2021.

I 2022 var dei rapporterte ekstrakostnadane med pandemien på 56 millionar kroner og reduserte inntekter utgjorde totalt 25 millionar kroner. Til dekning for desse negative økonomiske effektane fekk Helse Fonna HF 58 millionar kroner i kompensasjon frå Staten. Nettoeffekten av kompensasjonen frå Staten, ekstra kostnadar og reduserte inntekter, som utgjer 23 millionar kroner, forklarer noko av økonomisk resultat 2022.

Styret har hatt merksemd på utvikling, endring, styring og kontroll i 2022. Styret har saman med medarbeidarane i føretaket lagt ned ein monaleg innsats for å halde kostnadane lågast mogleg og aktiviteten høgast mogleg trass i pandemien. Ein sette i april 2022 i verk tiltak for å ta ned styringsfarten, med desse hovudmåla: auke aktivitet (ISF inntekt), avvikle ekstra lønsavtalar som til dømes "koronaavtalen" og redusere månadsverk (ekstra bemanning pga. korona).

## Selskapsstruktur og eigarforhold

Sjukehusa i Noreg er organiserte i fire regionale helseføretak under Helse- og omsorgsdepartementet. Helse Fonna HF (organisasjonsnummer 983974694) er eitt av helseføretaka i føretaksgruppa på Vestlandet og er eigd av Helse Vest RHF.

## Verksemda sin art og tilhaldsstad

Helse Fonna HF er ein del av spesialisthelsetenesta på Vestlandet og skal dekke befolkninga sitt behov for spesialisthelsetenester. Helseføretaket har sjukehus på Stord, Valen, i Odda og Haugesund. I tillegg har føretaket ti ambulansestasjonar og tre distriktspsykiatriske sentra, Folgefonn DPS, Haugaland DPS og Stord DPS.

Helse Fonna HF gir spesialisthelsetenester til ei befolkning på 182 735 innbyggarar (tal frå Statistisk sentralbyrå pr. 31.12.22). Styret i Helse Vest RHF har vedtatt at innbyggarane i Eidfjord kommune kan bruke Voss sjukehus.

Hovudadministrasjonen i føretaket er lokalisert til Haugesund.

## Hovudoppgåver

Lov om spesialisthelsetenester definerer fire hovudoppgåver for helseføretaka;

- Pasientbehandling
- Forsking
- Utdanning av helsepersonell
- Opplæring av pasientar og pårørande



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
AC33009233764E6D9F7B9EAD71CCC656

**Pasientbehandling**
Helseføretaket skal yte gode og likeverdige spesialisthelsetenester uavhengig av alder, kjønn, bustad, økonomi og etnisk bakgrunn.

I 2022 var gjennomsnittleg ventetid for alle pasientar som hadde starta behandling 67 dagar innan somatikk, 56 dagar innan psykisk helsevern for vaksne, 58 dagar innan psykisk helsevern for barn og unge og 30 dagar innan rus. Tilsvarande tal for ventetid i 2021 var høvesvis 66, 40, 50 og 22 dagar. Den auka ventetida har samanheng med etterslep etter pandemien. (*Kjelde: Rapportportal, Helse Vest, Fristbrot, ventetid og vurderingar, fane: Samla oversikt*).

Det skal ikkje vera brot på seinaste forsvarlege start av helsehjelp. Der helsehjelpa har starta i perioden, har det i Helse Fonna HF vore 13,7 % fristbrot innan somatikk, 4,4 % innan psykisk helsevern for vaksne, 2,7% innan psykisk helsevern for barn og unge og 12,6 % innan rus. Tilsvarande tal for 2021 var høvesvis 13,0, 1,2, 0,7 og 5,3 %. Redusert planlagt aktivitet som etterslep etter pandemien er vurdert som hovudårsaka til auken i fristbrot. (*Kjelde: Rapportportal, Helse Vest, Fristbrot, ventetid og vurderingar, fane: Samla oversikt*)).

Pakkeforløp for kreft har som mål at pasientar skal oppleve godt organiserte og føreseielege forløp utan unødig forseinking. Måltala er at 70 % av pasientar med nyoppdaga kreft skal vere inkludert i eit pakkeforløp og 70 % av forløpa skal bli gjennomført innan standard forløpstid for det einskilde pakkeforløpet. Andel pasientar med nyoppdaga kreft i pakkeforløp var i Helse Fonna HF 78 % i 2022. 70 % av forløpa var gjennomført innan standard forløpstid. For kirurgisk behandling var andelen pasientar behandla innan standard forløpstid 79 %. 56 % av pasientar som fekk medikamentell behandling blei behandla innan standard forløpstid Når ein ser på dei ulike forløpa er det noko variasjon i måloppnåing. 79 % av alle tjukk- og endetarmskreftforløpa vart gjennomførte innan standard forløpstid. Tilsvaranda tal var 67 % for brystkreft og 49 % for lungekreft. Noko av desse forskjellane kan forklarast med behov for spesialiserte utgreiingar for å sikre mest mogleg målretta behandling. (*Kjelde: Helsedirektoratet, statistikk, registre og rapporter, nasjonale kvalitetsindikatorer*).

Nasjonalt kvalitetsregister for hoftebrot har sett som mål at over 80 % av pasientar med hoftebrot skal vere opererte innan 24 timar etter innlegging på sjukehus, og over 90 % innan 48 timar. Andel pasientar med hoftebrot som blei opererte innan 24 og 48 timar, var høvesvis 56 % og 82 % i andre tertial i 2022. Dette er lågare måloppnåing samanlikna med tal frå same periode i 2021 (høvesvis 62 og 93%). Dei nasjonale tala for same periode var 60 % innan 24 timar og 89 % innan 48 timar. Kapasitetsutfordringar på operasjonsavdelinga årsaka av rekrutteringsvanskar kan forklare nedgangen. (*Kjelde: Helsedirektoratet, statistikk, oversikt over kvalitetsindikatorer per foretak)*.

Nasjonalt kvalitetsregister for hjerneslag har sett som mål at meir enn 15 % av pasientane som blir innlagde med hjerneslag skal behandlast med blodproppoppløysande medisin, og at minst 60 % av desse skal få behandling innan 40 minutt etter innlegging. I 2021 fekk 25 % av pasientar innlagde med hjerneslag på sjukehus i Helse Fonna slik behandling, 51 % av desse fekk behandling innan 40 minutt etter innlegging. (*Kjelde: Norsk hjerneslagregister)*.

Nasjonalt medisinsk kvalitetsregister for barne- og ungdomsdiabetes har sett som mål at meir enn 60 % av pasientane skal ha god, og meir enn 40 % av pasientane skal ha svært god blodsukkerkontroll. For Helse Fonna var desse tala i 2021 hhv. 85 % og 60 %. Tilsvarande



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
AC33009233764E6D9F7B9EAD71CCC656

nasjonale tal var hhv. 60 % og 36 %. For begge måla har Helse Fonna nasjonalt dei beste resultata. *(Kjelde: Nasjonalt medisinsk kvalitetsregister for barne- og ungdomsdiabetes).*

Ved prevalensmåling av helsetenesteassosierte infeksjonar blant pasientar på sjukehus var det 2,4 % av pasientane i Helse Fonna HF som hadde ein sjukehusinfeksjon. Nasjonale tal frå same målepunkt var 3,0 %.
*(Kjelde: helsedirektoratet.no/statistikk/kvalitetsindikatorer/prevalens av sykehusinfeksjoner)*

Epikrisetid var i 2022 for somatikk 63,7 % innan ein dag og 84,5 % innan sju dagar. Tilsvarande tal for psykisk helsevern vaksne var 50,3 % og 92,3 %, for TSB 58,1 % og 87,1 %. Måltalet er 70 % innan ein dag og 100 % innan 7 dagar. *(Kjelde: Rapportportal Helse Vest).*

**Døgnopphald**

| Eining | 2021 | 2022 | Endring % |
|---|---|---|---|
| Vaksenpsykiatri | 1384 | 1481 | +7,0 |
| Barne- og ungdomspsykiatri | 114 | 96 | -15,8 |
| RUS | 139 | 116 | -16,5 |
| Somatikk | 24 214 | 23 953 | -1,1 |
| **Totalt** | **25 851** | **25 646** | **-0,8** |

*Kjelde: Rapportportal Helse Vest; Aktivitetsbarometer for somatikk og psykisk helsevern og rus, årsfil for 2021 og 2022*

**Polikliniske konsultasjonar**

| Eining | 2021 | 2022 | Endring % |
|---|---|---|---|
| Vaksenpsykiatri | 43 054 | 42 393 | -1,5 |
| Barne- og ungdomspsykiatri | 27 866 | 29 076 | +4,3 |
| RUS | 15 678 | 11 309 | -27,9 |
| Somatikk | 171 795 | 168 288 | -2,0 |
| **Totalt** | **258 393** | **251 066** | **-2,8** |

*Kjelde: Rapportportal Helse Vest; Aktivitetsbarometer for somatikk og psykisk helsevern og rus, årsfil for 2021 og 2022*

**Dagopphald**

| Type helseteneste | 2021 | 2022 | Endring % |
|---|---|---|---|
| Dagopphald somatikk | 8 512 | 8 560 | +0,6 |

*Kjelde: Rapportportal Helse Vest; Aktivitetsbarometer for somatikk og psykisk helsevern og rus, årsfil for 2021 og 2022*

**Fødslar**

| Sjukehus | 2021 | 2022 | Endring % |
|---|---|---|---|
| Haugesund | 1 323 | 1 245 | -5,9 |
| Stord | 430 | 384 | -10,7 |
| Odda | 0 | 0 | 0 |
| **Totalt** | **1 753** | **1 629** | **-7,1** |



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
AC33009233764E6D9F7B9EAD71CCC656

**Radiologiske undersøkingar og laboratorieanalysar**

| Type helseteneste | 2021 | 2022 | Endring % |
|---|---|---|---|
| Radiologiske undersøkingar | 91 408 | 93 812 | 2,63 |
| Laboratorieanalysar | 4 996 018 | 5 128 365 | 2,64 |
| Blodtappingar | 5 814 | 5 666 | -2,55 |

Tala syner ei auke i aktivitet innan både radiologi og laboratorieanalysar.

Talet på blodtappingar syner nedgong. Endringa er forventa ut frå endring i bruk av blod i behandling. Behandlinga dreiar mot auka bruk av blodprodukt og legemiddel som vert kunstig framstilt. Det er jamlege kampanjar for å få fleire blodgjevarar, og føretaket er i all hovudsak sjølvforsynt med blod.

**Forsking og innovasjon**
Forsking er ei lovpålagt oppgåve for sjukehusa (Lov om spesialisthelsetjenesten § 3-8). Nasjonal handlingsplan for kliniske studiar (2021-2025) har ei tydeleg målsetting om at fleire pasientar skal få tilbod om utprøvande behandling gjennom kliniske studiar. Forsking er viktig for rekruttering, god pasientbehandling og utdanning.

Eksterne midlar:
Helse Fonna fekk tildelt to nye postdoktorstipend frå Det regionale samarbeidsorganet i Helse Vest hausten 2022. Forskingsstøtte frå Helse Vest er vidareført for fem prosjekt i føretaket; to doktorgradsstipend, to postdoc-stipend og eitt klinisk forskarstipend.
Føretaket fekk i 2020 tildelt 20 millionar kroner i forskingsmidlar frå Klinisk Behandlingsforskingsprogrammet (KLINBEFORSK) for prosjektet «Ambroxol and Nilvadipine in early and prodromal Dementia with Lewybodies». Det er ein multisenterstudie som går over fem år og starta inkludering av pasientar i 2021.

Intern finansiering:
Det vart lyst ut og tildelt eitt stimuleringsstipend i 40 % i fem månader for utvikling av prosjektplan/forskingsprotokoll.
Føretaket finansierer to postdoktor- og tre phd prosjekt.

I 2022 har Helse Fonna halde fram med tiltak for å følgje opp Nasjonal handlingsplan for kliniske studiar 2021-2025:
Helse Fonna har oppretta ei fast stilling som koordinator for kliniske behandlingsstudiar i 60 % stilling. Det er vidare lyst ut mindre midlertidige stillingar som studiesjukepleiarar ved kreftavdelinga og nevrologisk avdeling. Det er oppretta ei heil stilling som bioingeniør i forskingsavdelinga. Medarbeidar startar i januar 2023.

Helse Fonna har to etablerte forskingsgrupper; Eldremedisinsk forskingsgruppe og Indremedisinsk forskingsgruppe.

Innovasjon:
Tre innovasjonsprosjekt fekk midlar frå Helse Vest RHF hausten 2022. Det var to ideoverføringsprosjekt og eitt nytt prosjekt. Helse Fonna har over fleire år hatt avtale med Vestlandets Innovasjonsselskap (VIS). VIS har bistått Helse Fonna med rettleiing for handtering av kommersielle rettar til arbeidstakarresultat, kommersialiseringsaktiviteter, mobilisering av samarbeidspartnarar og søknadsutvikling. Samarbeidet er for 2022 utvida slik at VIS er Helse Fonna sitt teknologioverføringskontor (TTO). Dette betyr at VIS bistår i Helse



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
AC33009233764E6D9F7B9EAD71CCC656

Fonna sine innovasjons, kommersialiserings- og forvaltningsaktivitetar for immaterielle rettar og verdiar som blir generert av medarbeidarar i Helse Fonna.
Helse Fonna har styrka arbeidet knytt til innovasjon med ei 50 % fast stilling som innovasjonskoordinator.

I 2022 blei det publisert 69 vitskapelege publikasjonar. Av desse var 23,2 % publiserte i nivå II-tidsskrift.
Våre medarbeidarar bidrog med 56 populærvitskapelege føredrag og 6 postarar/abstrakts ved internasjonale, nasjonale kongressar og utdanningsinstitusjonar. I tillegg bidrog dei med formidling som til dømes kronikkar, case reports, kommentarartiklar og artiklar i ikkje-vitskapelege tidsskrift, til saman 13 publikasjonar. I tillegg har 35 forskingsprosjekt hatt medieomtale i 2022.

Brukarmedverknad:
Føretaket har eit brukarpanel for forsking som bidrar aktivt i planlegging, vurdering og formidling av forsking. Panelet har fem medlemmer frå ulike brukarorganisasjonar. Brukarpanelet har hatt eitt møte i 2022. Fleire prosjekt har brukarmedverknad i heile forskingsprosessen frå utarbeiding av prosjektprotokoll, innsamling av data, analyse, skriving og publisering.

Seminar:
2. juni 2022 blei Forskings- og innovasjonsstafett 2022 arrangert ved Haugesund sjukehus. Denne dagen var open for alle medarbeidarar i føretaket. Eit bredt spekter av forskings- og innovasjonsprosjekt blei presentert.

**Utdanning av helsepersonell**
Føretaket har eit tett og godt samarbeid med aktuelle høgskular og universitet. Nærast er samarbeidet med Høgskulen på Vestlandet (HVL) ved campus Haugesund, Stord og Bergen samt Universitetet i Bergen. Det er etablert institusjonelt samarbeid om utdanning mellom føretaket og HVL på nivå 1 og nivå 2 i organisasjonen, og ein jobbar no for å etablere institusjonelt samarbeid på nivå 3. Nivå 3 samarbeidet vil vera fagspesifikt, og mellom anna arbeide med utfordringar kring avvikling av praksis. Tilsvarande er det etablert institusjonelt samarbeid på nivå 1 og 2 innan forsking. Desse regulerer samhandlingsforma mellom aktørane, samt kven som skal representere partane i dei ulike fora. Føretaket deltek med representantar i to regionale samarbeidsorgan mellom universitet/høgskule og helseføretak, eitt samarbeidsorgan for utdanning og eitt for forsking og innovasjon.

I 2022 har føretaket hatt omlag 1350 praksisperiodar (ein student kan gjennomføre fleire praksisperiodar) i praksis-/utdanningsløp frå universitet, høgskular og vidaregåande skular. Tabellen under syner korleis dette fordeler seg på dei ulike utdanningsnivåa:

| **Utdanningsnivå** | **Tal på praksisperiodar i 2021** | **Tal på praksisperiodar i 2022** |
|---|---|---|
| Vidaregåande opplæring | 86 | 75 |
| Opp til bachelornivå | 748 | 579 |
| Opp til masternivå | 171 | 163 |
| Spesialistutdanning (LIS 1-3 og psykologar) | 490 | 514 |
| **Sum** | **1495** | **1331** |



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
AC33009233764E6D9F7B9EAD71CCC656

Studentar og lærlingar har eigne rettleiarar i einingane der praksisstudiane blir gjennomført. Nokre einingar har tilsette med del av stillinga øyremerkt for studentrettleiing og oppfølging. Det er eit ønskje om å ha fleire tilsette med særskilt ansvar for koordinering, rettleiing og oppfølging av studentar. Einingane som har tilsette i slike funksjonar opplever mindre press på praksisrettleiarane, og studentar gir gode tilbakemeldingar på opplevinga i praksis.

Det er ei forventing om at praksisrettleiarar på sjukehuset har formell utdanning innan rettleiing, og utdanningsinstitusjonane tilbyr slik utdanning som eit emne på 10 studiepoeng kvart semester. Det er likevel få praksisrettleiarar som gjennomfører denne utdanninga i føretaket, og det er eit mål å få kartlagt denne kompetansen blant dei tilsette, og setje i verk tiltak for å auka oppslutnaden rundt utdanninga.
Universitet i Bergen har eigne ressursar tilsett i føretaket, til oppfølging av studentar i medisinutdanninga.

Kompetanseportalen skal på sikt nyttas av alle studentar i si praksisgjennomføring i sjukehusa. Hausten 2022 vart det gjennomført eit pilotprosjekt for ei gruppe sjukepleiestudentar som skulle teste ut korleis det var å nytte kompetanseportalen for å dokumentere gjennomføring av læringsaktivitetar og læringsutbytte i kirurgisk praksis. Førebels evaluering syner at rettleiarar og studentane er positive og ser på dette som eit nyttig verktøy. Prosessen så langt har likevel synt oss at det vil vere eit ressurskrevjande prosjektet.

Føretaket opplev eit stadig aukande press på tal praksisplassar, då talet på utdanningsplassar særleg innan sjukepleiarfaget aukar. I 2022 har føretaket opplevd ei mellombels nedgang i tal studentar som avviklar praksis innan sjukepleie. Dette kjem av fleire årsaker, mellom anna omlegginga som følgje av RETHOS for studieplanen i sjukepleie, som har ført til færre periodar med praksis innan psykisk helse, og eit uvanleg stort fråfall frå kull 2021 ved HVL campus Haugesund og campus Stord. Det er venta at kull 2022 vil ha normal storleik.

I 2022 har Helse Fonna delteke i ei regional arbeidsgruppe som skal vurdere og foreslå alternative praksisarenaer og sjå på organisering av praksis. Arbeidsgruppa sine tilrådingar går mellom anna ut på å prioritere utdanningar med forskriftsfesta krav til praksisstudiar innan spesialisthelsetenesta, Bachelor i sjukepleie bør gjennomføre praksisstudiar i form av «spesialisthelsetenestepraksis», pasientforløp, digitaliserte helsetenester og kliniske studiar må vurderast som aktuelle praksisplassar. Opplæringsansvar for studentar må inkluderast i driftsavtalar mellom private kommersielle aktørar og Helse Vest.

Pandemien har aktualisert behovet for å utdanne, rekruttere og behalde helsepersonell, særleg tilgang til tilstrekkeleg fagleg kapasitet for intensivsjukepleiarar. For jordmødrer er det ein høg alderssamansetjing, samtidig er det krevjande å rekruttera til ledige stillingar.
For å sikre rekruttering til utdanningane blir det inngått avtale om utdanningsstillingar med løn samt bindingstid etter fullført utdanningsløp. Tabellen under syner korleis tilsetjing i utdanningsstillingar fordeler seg innan dei ulike spesialutdanningane hausten 2022:

| **Spesialisering** | **Utdanningsstilling Haugesund** | **Utdanningsstilling Stord** |
|---|---|---|
| Master i jordmorfag | 3 | 1 |
| Master i klinisk sjukepleie - Anestesisjukepleie | 3 | 0 |
| Master i klinisk sjukepleie - Intensivsjukepleie | 7 | 2 |
| Master i klinisk sjukepleie - Operasjonssjukepleie | 1 | 0 |
| **Sum** | **14** | **3** |



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
AC33009233764E6D9F7B9EAD71CCC656

I 2022 har føretaket også hatt medarbeidarar under vidareutdanningar på deltid innan lungesjukepleie, nyfødt sjukepleie, nefrologisk sjukepleie, samhandling og folkehelse, kreftsjukepleie, akuttsjukepleie og uroterapi.

Føretaket har i 2022 hatt totalt 42 stillingar for lærlingar – 16 helsefagarbeidar, 3 helsefagarbeidarar i samarbeid med Odda kommune og 23 ambulansefagarbeidar.

I 2022 blei det tilsett 13 nye trainee-sjukepleiarar for ein traineeperiode på to år. Traineeordninga er viktig for å rekruttere til faste stillingar i føretaket.

Føretaket har til ei kvar tid legar og psykologar i spesialiseringsløp i 24 medisinske spesialitetar. Det vert kontinuerlig arbeidd med implementering av den nye utdanningsmodellen for legespesialistar og forbetring av utdanningsløpet for desse, for å sikre høgast mogleg kvalitet på spesialistar i Helse Fonna. Dette blir gjort i tett samarbeid med det regionale utdanningssenter i Helse Vest (RegUt). Føretaket har utdanningskoordinerande overlege i 50 prosent stilling og utdanningsansvarlege overlegar i alle spesialitetar. Det blir gjennomført kurs i medisinsk rettleiingspedagogikk. Helse Fonna deltek aktivt i dei regionale basiskursa for legar i spesialisering og det er gjennomført instruktørutdanning for kurs i kommunikasjon for LIS. I samband med den nasjonale auken i talet på LIS1-stillingar har Fonna fått to stillingar frå 2021, og frå hausten 2022 fekk føretaket ytterligare ein LIS1 stilling. Helse Fonna har dermed 47 LIS1 stillingar i 2022.

**Opplæring av pasientar og pårørande**
Innan psykisk helsevern og rus for vaksne vert gruppebasert opplæringstilbod gjeve som del av det ordinære behandlingstilbodet for dei ulike pasientgruppene. I samband med Covid-19 pandemien måtte gruppetilbodet reduserast av omsyn til smittevern, men i løpet av 2022 har aktiviteten gradvis blitt normalisert. Gruppetilbodet har fokus på meistring og tilfriskning, til dømes trenings- og turgrupper, livsmeistringsgrupper, traumegruppe, pusterom, sinnemeistring, medisinsk yogagruppe, arbeidsstove, treningskjøkken og assistert hesteterapi.

Det har i 2022 også vore fokus på å etablere opplæringstilbod som er samskapte mellom fagpersonell og erfaringsmedarbeidarar, for å kunne tilby recoverykurs som del av opplæringstilbodet i pasientforløp i Klinikk for psykisk helsevern og rus, og som del av samhandlingsforløpa på tvers av kommune og spesialisthelseteneste.

Barne- og ungdomspsykiatrien har hatt opplæringstilbod ved ADHD forløp over mange år. Nytt i 2022 er Ungdomstreffet «Heile meg» som er utvikla og samskapt og skal leiast i fellesskap mellom erfaringskonsulent og fagperson. Tilbodet er til ungdomar i aldersspennet 15-18 år på tvers av diagnosar, og skal gå parallelt til anna behandling ved BUP.

I somatikken har lærings- og meistringsaktiviteten normalisert seg etter pandemien, sjølv om ventelista til nokre kurs fortsatt heng igjen. I starten av 2022 var nokre av kursa fortsatt digitale, men frå mars har det vore fysisk oppmøte. Dei fleste kursa er lokalisert på Haugesund sjukehus. Føretaket leiar eit nettverk for alle lærings- og meistringssentra (LMS) i Helse Vest. Mandatet er gitt av Helse Vest RHF og nettverket får øyremerka midlar til drift kvart år. Føremålet er at pasientar og pårørande skal få eit likeverdig og kunnskapsbasert opplæringstilbod i heile regionen. Alle LMS i Helse Vest har auka talet på kurs dette året, nye pasientgrupper har fått tilbod og ein har prøvd ut korleis digitale kurs kan kombinerast med fysiske kurs. Nettverket har dette året gjennomført kompetanseheving for dei som arrangerer



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
AC33009233764E6D9F7B9EAD71CCC656

helsepedagogiske kurs i alle føretaka i samarbeid med Nasjonal kompetanseteneste for læring og mestring innan helse.

### Kvalitet og pasienttryggleik

Helse Fonna følgjer opp regional plan for kvalitet og pasienttryggleik (2020-2024). For kvart tiltak i regional plan er det skissert mål og tiltak i føretaket, kven som har ansvar for oppfølging og framdrift.

Helse Fonna hadde 20 deltakarar i Helse Vest si grunnutdanning i forbetringsmetodikk hausten 2022, og to som gjennomførte rettleiarutdanning. Føretaket har 47 tilsette som har gjennomført grunnutdanning i forbetringsmetodikk og 8 godkjende rettleiarar innan forbetringsmetodikk.

Helse Fonna publiserer forslag til forbetringsprosjekt på intranettsida med utgangspunkt i nasjonale kvalitetsindikatorar, pasienterfaringsundersøkingar og kvalitetsregistre samt oversikt over gjennomførte og pågåande forbetringsprosjekt.

Dei ferdigpiloterte innsatsområda i det nasjonale og regionale pasienttryggleiksprogrammet er overført til føretaket sin linjeorganisasjon. Det er variasjon i kor godt dei ulike tiltaka er implementert i føretaket.

Helse Fonna har i 2022 starta med pasienttryggleiksvisittar som skal bidra til at det vert oppretta kommunikasjonslinjer knytt til pasienttryggleik mellom medarbeidarar i ulike einingar, avdelingsleiarar og toppleiinga, ved administrerande direktør. Pasienttryggleiksvisittane har til hensikt å utvikle openheitskultur der pasienttryggleik er første prioritet. Leiinga skal oppmuntre til rapportering av problem, feil og nestenulykker. Saman skal ein sjå på moglegheiter for å forbetre pasientens tryggleik ved sjukehuset, og vidare redusere pasientskadar/dødsfall.

Avdeling for kvalitet og pasientsikkerhet har i 2022 gjennomført internkontrollverksemd etter revisjonsplan. Leiinga sin gjennomgang på føretaksnivå for verksemdåret 2021 blei gjennomført i april 2022. Avdeling for kvalitet og pasientsikkerhet har i 2022 gjennomført internrevisjon på tema pasient-ID ved 3 einingar og avvikshandtering på Fertilitetseininga. Sjukehusapoteket har gjennomført internrevisjon på legemiddelområdet med tema utblanding av sterile legemiddel og kartlegging av risikovurdering av tilverking av legemiddel.

I 2022 blei det gjennomført to prevalensundersøkingar av trykksår. Prevalensundersøkinga i november 2022 synte at 13 % av inneliggande pasientar den dagen hadde trykksår.

Føretaket brukar Global trigger tool (GTT) som metode i kvalitetsforbetring. I 2022 vart pasientopphald for 2021 undersøkt, og Helse Fonna fann minst ein pasientskade i 18,8 % av dei pasientopphalda som blei undersøkte. Helse Fonna hadde for høg andel opphald med pasientskade i 2021, og vil arbeide vidare for å nå målet om reduksjon til 10,3 % i 2023.

2022 var eit år med positiv utvikling for simulering og ferdigheitstrening i Helse Fonna. Føretaket er i mål med milepælar for etablering av struktur og infrastruktur. Aktiviteten i føretaket har auka frå 1160 deltakarar i 2019, til 2745 deltakarar i 2022. Dette er i tråd med



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
AC33009233764E6D9F7B9EAD71CCC656

oppdragsdokumentet for 2022 med mål om auka bruk og utnytting av potensiale av simulering som eit verktøy for kompetanseheving.

Avviksystemet Synergi vart oppdatert med ny versjon juni 2022. Det har vore fokus på opplæring knytt til saksbehandling i ny versjon samt moglegheiter knytt til nye rapportar og dashboard. I forbindelse med oppgraderinga gjennomførte Fagdirektør og avdeling for kvalitet og pasientsikkerhet eit prosjekt for å få ned etterslep på ubehandla saker i Synergi.

I 2022 har føretaket halde fram med å utarbeide læringsmeldingar med utgangspunkt i meldingar om uønskte hendingar i Synergi. I 2022 blei det utarbeida 6 læringsmeldingar. Helse Fonna utarbeider også dokument i eHandboka for meldingar mottatt i «melde på tvers» ordninga mellom føretak. 5 «melde på tvers» dokument er utarbeida i 2022.

## Kompetanseutvikling

Føretaket har vedteke strategisk kompetanseplan for Helse Fonna 2021 – 2026, som gir retning for korleis føretaket strategisk skal planlegge for å sikre tilstrekkeleg kompetanse og rett kompetansesamansetting gjennom å utdanne, rekruttere, behalde og legge til rette for forsking, fagutvikling og livslang læring. Planen er eit verktøy for å bidra til systematisk planlegging og utvikling av kompetanse- og utdanningstiltak, og sikre at tiltak er målretta og i samsvar med føretaket sitt behov. Planen har hovudfokus på dei kliniske fagområda. Strategisk kompetanseplan er i tråd med strategiarbeidet for kompetanse i Helse Vest, og i tråd med føringane i føretaket sin utviklingsplan. Planen har identifisert ulike tiltaksområde for oppfølging.

Det blir kvart år gjennomført eit stort omfang av internundervisning og kursdagar med fagretta kompetansehevande tiltak for medarbeidarane i dei ulike klinikkane.
E-læring blir og i stor grad nytta som læringsmetode. Læringsportalen inneheld ei lang rekkje kurs som alle medarbeidarar har tilgang til. Nokre av kursa er obligatoriske og lovpålagde for grupper av tilsette. Status på gjennomføring kan til ei kvar tid hentast ut, på alle nivå i organisasjonen. Det er gjennomført 30.228 kurs via e-læring og 3.004 kurs via klasserom i 2022. Føretaket har ei aktiv rolle i kva nye e-læringskurs som skal utviklast i regionen, og deltar i regionalt samarbeid knytt til drift og utvikling av Læringsportalen.

Kompetanseportalen blir nytta til å dokumentere kompetanse hos medarbeidarane gjennom regionale, sentrale og lokale kompetanseplanar som blir delt til den enkelt eller grupper av medarbeidarar. Leiarane kan nytta dette for å identifisera behov for vidare opplæring og utvikling hjå medarbeidarane sine. Medarbeidarsamtalen skal og dokumenterast i Kompetanseportalen. Det er nyleg utarbeidd ein sentral plan for leiarar i Helse Fonna som inneheld både regionale og lokale krav som skal gje leierane våre ein god introduksjon når dei begynner hjå oss.

Kompetanseportalen er det nasjonale dokumentasjonsverktøyet for oppnådde læringsmål for legar i spesialisering (LIS), og portalen er tatt i bruk for å dokumentera kompetansemål for lærlingar i ambulansetenesta og helsefag. Hausten 2022 blei det gjennomført ein pilot for at sjukepleiestudentar skal dokumentera gjennomføring av læringsutbytter i Kompetanseportalen medan dei er i praksis.



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
AC33009233764E6D9F7B9EAD71CCC656

**Samhandling**
Samhandlinga mellom føretaket og kommunane er regulert i eit sett med avtalar som skal styrast, utviklast og følgjast opp gjennom ein etablert samhandlingsstruktur som er beskriven i ein overordna samarbeidsavtale. Den overordna samhandlingsavtalen blei revidert i 2021 i samband med etablering av Helsefellesskapet i Helse Fonna.

I tråd med føringar i Nasjonal helse- og sykehusplan 2020-2023 (Meld.St. 7 2019- 2020) og avtale inngått mellom Regjeringa og KS i oktober 2019 er det etablert helsefellesskap mellom Helse Fonna og kommunane. Føremålet med helsefellesskapa er å skape meir samanhengande og berekraftige helse- og omsorgstenester til pasientar/brukarar som treng tenester frå både spesialisthelsetenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta. Føretaket og kommunane skal gjennom helsefellesskapet planlegge og utvikle tenester for pasientar som treng tenester på begge nivå. Det skal vere særleg fokus på å utvikle gode tenester for barn og unge, personar med alvorlege psykiske lidingar og rusproblem, skrøpelege eldre og personar med fleire kroniske lidingar.

Partnarskapsmøtet er det overordna organet i helsefellesskapet. Møtet skal vere ein arena for dialog og forankring av felles målsettingar og strategiar. Kommunane er representerte ved administrativ og politisk leiing og helseføretaket ved styreleiar og føretaksleiing. Forumet skal vere ein arena for dialog og forankring av felles målsetting og strategiar. Helsefellesskapet i Helse Fonna blei formelt etablert på digitalt Partnarskapsmøte 14.04.2021.

Strategisk samarbeidsutval er eit partssamansett utval med representantar frå føretak og kommunar samt representantar for brukarar og fastlegar. Hovudoppgåver i Strategisk samarbeidsutval i 2022 har vore å utarbeida mandat for og etablering av dei faglege samarbeidsutvala.

Representantar frå kommunar, føretak, brukarar og fastlegar deltar gjennom faglege samarbeidsutval (FSU) i arbeidet med å planlegge og utvikle tenester saman. I samsvar med nasjonale føringar er det etablert FSU-ar for dei prioriterte pasientgruppene for barn og unge, personar med alvorlege psykiske lidingar og rusproblem, skrøpelege eldre og personar med fleire kroniske lidingar. I tillegg har ein i Helsefellesskapet i Helse Fonna vald å etablere FSU helseberedskap.

Fellesmøtet er eit kontakt- og dialogmøte mellom føretaket og kommunane der det vert informert om og drøfta saker som er relevante for samhandling i Helse Fonna regionen. Aktuelle saker kan til dømes vera nye nasjonale føringar og endringar i rutinar. Under pandemien blei det oppretta faste møter med kommuneoverlegane i regionen. Denne møteplassen har blitt vidareførd, med digitale samlingar annan kvar veke.

Brukarrepresentasjon er ivaretatt i alle fora i helsefellesskapet. Brukarrepresentantar deltar i tillegg i ulike samhandlingsprosjekt. Det er ei tett kopling mellom samhandlingseininga og brukarrepresentantar gjennom Brukarutvalet og Ungdomsrådet.

Koordinerande eining (KE) i Helse Fonna HF er ei lovpålagd oppgåve som er organisert i Samhandlingseininga. KE-funksjonen har tett samarbeid med KE i kommunane og med kontaktpersonar i sjukehusa. Denne funksjonen er sentralt i arbeidet å bidra til at pasientar med samansette behov får heilskapelege og koordinerte pasientforløp. Prioriterte oppgåver har vore bidrag til undervisning, prosjekt for betre samhandlingsrutinar og drifta av fagnettverket



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
AC33009233764E6D9F7B9EAD71CCC656

for koordinerande einingar i helseregionen. Rådgivarstillinga i eininga fungerer som bindeledd til Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering i Helse Vest.

Sekretærfunksjonen for Brukarutvalet og koordinatorrolle for Ungdomsrådet er lagt til Samhandlingseininga.

Gjennom året har det vore regelmessige digitale samlingar for praksiskonsulentane (PKO-ane) der aktuelle saker for fastlegane har blitt tatt opp. Informasjon til fastlegar blir gjort tilgjengeleg gjennom «Praksisnytt» på føretaket sine nettsider.

## Arbeidsmiljø

Helse Fonna arbeider etter vedtekne mål for HMS arbeidet basert på HMS strategien i Helse Vest og overordna risikovurdering.

**ForBedring**
Føretaket gjennomfører årleg den nasjonale undersøkinga ForBedring i starten av året.
Alle einingane kartlegg med dette både arbeidsmiljø, HMS og pasienttryggleikskultur.
Svarprosent for kartlegginga for 2022 var på 69,7%, som var noko lågare enn svarprosenten i 2021. Informasjonsmøter «kick off» på teams vart gjennomført i forkant av publisering for å informera om nytt i undersøkinga, og eventuelle naudsynte oppklaringar.
Kartlegginga vert følgd opp med at kvar eining lagar ein handlingsplan med målretta tiltak både på HMS, ytre miljø og kvalitet/pasientsikkerhet. Handlingsplanen vert ført i Synergi. Det blir utarbeidd handlingsplanar på alle organisatoriske nivå. Med bakgrunn i dette arbeidet blir det laga ein overordna handlingsplan for HMS og pasienttryggleik i føretaket, som vert behandla og følgd opp i arbeidsmiljøutvalet (AMU). Ei oppsummering av resultata på føretaksnivå vart gjennomgått i direktørmøte og i AMU.

**Sjukefråvær**
Helse Fonna arbeider med systematisk oppfølging av sjukemelde. Næraste leiar har ansvaret for dette, med bistand frå avdeling for personal- og organisasjon og/eller frå bedriftshelsetenesta.

Også i 2022 har føretaket vore prega av koronarelatert fråvær blant tilsette. På grunn av korona-situasjonen blei tal «sjukt barn-dagar» dobla i 2022, og det har vore innført midlertidig ordning med utvida rett til omsorgsdagar. Desse midlertidige reglane vart avslutta 31.12.2022. Føretaket har nytta løysingar med heimekontor for å unngå sjukefråvær.

Utvikling i sjukefråvær:

| **Samla sjukefråvær** | **2020** | **2021** | **2022** |
|---|---|---|---|
| Gjennomsnittleg sjukefråvær | 7,8 | 7,9 | 8,4 |
| Korttidsfråvær | 2,2 | 2,2 | 3,1 |
| Langtidsfråvær | 5,6 | 5,7 | 5,3 |
| Eigenmeldt fråvær | 1,4 | 1,4 | 1,9 |
| Legemeldt fråvær | 6,4 | 6,5 | 6,5 |

| **Korona relatert sjukefråvær** | **2020** | **2021** | **2022** |
|---|---|---|---|
| Eigenmeldt fråvær (Korona) | 0,2 | 0,1 | 0,1 |
| Legemeldt fråvær (Korona) | 0,8 | 0,1 | 0,1 |



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
AC33009233764E6D9F7B9EAD71CCC656

Helse Fonna samarbeider tett med NAV arbeidslivsenter gjennom IA avtalen. Ein jobbar både på individ- og gruppenivå for saman å ha fokus på å redusere sjukefråværet. Det er sett ned ei ressursgruppe som består av representantar frå tillitsvalde, verneombod, BHT, personal og organisasjon og NAV arbeidslivsenter. Gjennom samarbeidet er det blant anna laga ei kursrekke for oppfølging av sjukefråvær, med til saman fem kurs. To av disse vart gjennomført i 2022, dei tre siste skal gjennomførast i 2023. Bransjeprogrammet for IA i sjukehus, «Der skoen trykker», er også eit av tiltaka som er i gang i utvalde einingar.

**Uønskte hendingar**
Talet på uønskte HMS hendingar i forbetringssystemet Synergi var 1246. Det blir rapportert på uønskte hendingar på HMS området både til AMU og styret.
Figuren under viser utviklinga.




Flest uønskte HMS hendingar er registrert i kategoriane «psykososialt arbeidsmiljø» med hovudvekt på vald og truslar og «organisatorisk arbeidsmiljø» med hovudvekt på manglande samsvar mellom oppgåver og ressursar.

**Arbeidsmiljøseminar**
Arbeidsmiljøseminaret 2022 vart arrangert 28.04.22 i Edda kino, Haugesund. Tema og foredragshaldarar var Marco Elsafadi «Hvordan få gode relasjoner på jobb», Espen Nakstad «Om pandemien og tiden fremover» og Dida Hauge «Arbeidsmiljøet handler om arbeidet». I tillegg fekk vinnarane av arbeidsmiljøprisen presentera sitt arbeid for eit godt arbeidsmiljø. Rundt 200 medarbeidarar deltok på seminaret.

**Arbeidsmiljøprisen**
Vinnarane dette året var delt mellom Hemato/endo/infeksjon sengepost og Drift- og vedlikehaldsavdelinga i Haugesund. Prisen vart delt ut av Administrerande direktør, HR direktør og føretakshovudverneombodet lokalt på avdelingane.

**HMS opplæring**
Både HMS kurs for leiarar og grunnopplæring i HMS for verneombod og AMU medlemmar vart gjennomført i 2022. I tillegg er det gjennom året gjennomført mange



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
AC33009233764E6D9F7B9EAD71CCC656

arbeidsmiljøsamlingar for einingane, og kurs på ulike tema innan arbeidsmiljø innan HMS området.

**Kjemikaliehandtering**
I føretaket blir det arbeidd aktivt med risikovurdering, substitusjon og reduksjon av risiko knytt til kjemikaliehandtering. Nettverket for kjemikalieressursane fungerer godt. Det er lagt opp til månadlege møte på Skype for kontaktpersonar kor systemansvarleg er leiar. Tema i møta er forbetring av kjemikaliehandteringa i føretaket.

**Vaksinering**
Tilsette har hatt tilbod om vaksinering mot sesonginfluensa, Covid-19 og yrkesrelaterte vaksinar.

| Yrkesvaksiner, tal vaksiner | 2022 |
|---|---|
| **Hepatitt B** | 126 |
| **Hepatitt A** | 8 |
| **Hepatitt A+B** | 4 |
| **Difteri, kikhoste, stivkrampe, polio (Boostrix-Polio)** | 163 |
| **Covid-19** | 383 |
| **Influensa** | 2148 |

**Ergonomi**
Ergonomiske arbeidsplassvurderingar vert gjennomført av fysioterapeut i bedriftshelsetenesta. I 2022 er det gjennomført 29 arbeidsplassvurderingar og 15 ergonomiske kartleggingar av noko meir omfattande karakter. Det er i tillegg gjennomført 12 samlingar/kurs på tema.

**Etterleving av lov- og avtaleverk om arbeidstid**
Einingane rapporterer jamleg på tiltak knytt til etterleving av lov- og avtaleverk om arbeidstid. Dette blir også lagd fram for arbeidsmiljøutvalet. Dei tre vanlegaste årsakene til brot på reglar for arbeidstid i 2022 har vore: mangel på naudsynt kompetanse, akutt sjukdom og endring i aktivitet. Dei fire hyppigaste typane brot på arbeidstidsreglane i 2022 er maksimum timetal per veke, arbeidsfri før vakt, samla tid per dag og vekefri. Den prosentvise fordelinga av dei fire typane brot er relativt stabil per år, der timetal per veke utgjer den største delen. Rapport viser at Helse Fonna har ein reduksjon i moglege AML-brot i perioden 2021 – 2022.

**Arbeidsmiljøutval**
Arbeidsmiljøutvalet (AMU) har lik representasjon frå arbeidstakar- og arbeidsgivarsida. AMU har hatt ni møter i 2022. Sakskartet er i hovudsak basert på AMU sitt årshjul. Klinikkdirektørane presenterer årleg korleis det vert arbeidd med det systematiske HMS-arbeidet i klinikken.

**Dialog og drøfting**
Det er tette og systematiske møter mellom leiing og føretakstillitsvalde/verneombod på alle nivå i organisasjonen. Desse møta er eit godt grunnlag for informasjon, dialog og medverknad om forhold som er viktige for arbeidsmiljøet og utviklinga av føretaket. I tillegg til føretakshovudverneombod er det klinikkverneombod i alle klinikkar og verneombod fordelt i oversiktlege område i alle einingar. Det er omlag 88 verneombod i føretaket.



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
AC33009233764E6D9F7B9EAD71CCC656

## Likestilling, integrering og mangfald

Helse Fonna arbeider aktivt for å fremje likestilling og hindre diskriminering etter gjeldande lov- og avtaleverk, og i samsvar med dei mål og forventningar eigar har til helseføretaket som ansvarleg verksemd. Arbeid for likestilling og mot diskriminering inngår i strategisk arbeid, dagleg drift, utviklingsarbeid, i lønns- og personalpolitikken, og er tema i føretaket sine retningsliner for rekruttering, likelønn, tilrettelegging og livsfase- og seniorpolitikk. Føretaket har rutinar, retningsliner og prosedyrar som skal bidra til å fremma likestilling og hindre diskriminering, og for å førebygge trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald.

Etter lovendring i likestillings- og diskrimineringslova gjeldande frå 01.01.2020, har Helse Fonna ei forsterka plikt til aktivitet og utgreiing om føretaket sitt arbeid med likestilling og hindre diskriminering, i tillegg til arbeid for å førebygge trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald. Føretaket har utarbeidd ei likestillingsutgreiing for 2022. Utgreiinga viser statistikk over kjønnslikestilling innan områda lønn, ufrivillig deltid og permisjonar. Vidare inneheld utgreiinga oversikt over føretaket sitt arbeid for likestilling og mot diskriminering og eksisterande og planlagde tiltak.

Helse Fonna planlegg i 2023 å opprette ei arbeidsgruppe med blant anna representantar frå HR, føretakstillitsvalde og føretaksverneombod, som skal koordinere det vidare utviklings- og rapporteringsarbeidet innan inkluderings-, likestillings- og diskrimineringsområdet. Auka inkludering i arbeidslivet var eit særskilt tema i styringsdokumentet i 2022. Helse Fonna er representert i det regionale arbeidet om likestilling, inkludering og mangfald. Ressursgruppa utarbeidar forslag til satsingsområder og tiltak for inkluderingsarbeidet i Helse Vest. Arbeidet skal vidare bidra til samordna rapportering og samla leggje til rette for å gjennomføre tiltak i dei respektive føretaka i regionen. Hovudmålet er å auke yrkesdeltaking frå personar med lengre opphald frå arbeidslivet eller som har nedsett funksjonsevne. Som del av dette arbeidet er det publisert e-læringsprogram for inkluderande rekruttering, som inngår i leiaropplæringa ved føretaket.

Likestillingsutgreiinga ligg offentleg tilgjengeleg på helse-fonna.no (https://helse-fonna.no/jobb-i-helse-fonna)

## Åpenhetsloven

Åpenhetsloven som tredde i kraft 1. juli 2022 skal fremje verksemder si respekt for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Helse Fonna HF er omfatta av åpenhetsloven og har eit pågåande arbeid med å implementere krava i lova. Helse Fonna HF vil greia ut og gjera greie for samfunnsansvar på helseføretaket si nettside innan 30.06.2023. Helse Vest RHF har etablert eit regionalt nettverk for implementering av åpenhetsloven, Helse Fonna HF er representert i nettverket. Sykehusinnkjøp HF og Sykehusbygg HF er deltakarar i nettverket for å ivareta behovet for samhandling i arbeidet med aktsomheitsvurderingar.

## Miljø

Føretaket tar samfunnsansvaret sitt og arbeider kontinuerleg med å førebygge og redusere miljøpåverknad frå eiga verksemd og dei tenestene ein yter. Føretaket er miljøsertifisert i samsvar med ISO 14001. Siste eksterne revisjon ble gjennomført mars 2022.



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
AC33009233764E6D9F7B9EAD71CCC656

Det er utarbeidd eit felles, nytt rammeverk for miljø- og berekraft i spesialisthelsetenesta som skal bidra til å strukturere og samordne arbeidet med miljø- og berekraft i helseføretaka for å fremje god helse og redusere klimautslepp gjennom miljøvennleg drift.

FN sine berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Berekraftig utvikling handlar om å ta vare på behova til menneske som lever i dag, utan å øydelegge framtidige generasjonar sine moglegheiter til å dekkje sine behov. Berekraftsmåla gjeld for alle land i verda, og regjeringa har forplikta Noreg til å arbeide for å nå måla.

Etter at dei regionale helseføretaka i Norge slutta seg til Rammeverk for miljø og berekraft i spesialisthelsetenesta, blei felles mål, sjekklister og miljøindikatorar utarbeidd hausten 2021. Måla og indikatorane nyttast i oppfølgingsmøter mellom det regionale helseføretaka og dei lokale helseføretaka for å følgje opp helseføretaka sitt arbeid med miljø og berekraft. Denne planen underbygger tiltaka i Klimameldinga (Meld. St. 13 2020-2021).

Dette er spesialisthelsetenesta sine felles klima- og miljømål:




Føretaket har vedteke ein miljøpolitikk som gir både retning og strategi for verdivala for eit betre ytre miljø. Overordna miljømål for perioden 2021-2024:

- Redusere føretaket sine CO2-utslepp
- Optimal bruk av legemidlar og kjemikaliar
- Redusere miljø- og klimapåverknad frå anskaffingar
- Redusere bruk av naturressursar
- Miljøbevisste medarbeidarar

Føretaket rapporter årleg til eit felles klimarekneskap for alle helseføretaka. Klimarekneskap for spesialisthelsetenesta blir publisert årleg i spesialisthelsetenesta sin rapport for samfunns-ansvar.

17

This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID: AC33009233764E6D9F7B9EAD71CCC656

Det er samarbeid både på regionalt og nasjonalt nivå. Føretaket er representert i regional miljøfaggruppe som blir leia av Helse Vest RHF. Den regionale miljøfaggruppa har som formål å bidra til effektivt arbeid gjennom erfaringsutveksling og deling av prosedyrar og dokumentasjon knytt til miljøsertifisering og andre aktivitetar.

Resultatet for 2022 syner at føretaket har hatt ei positiv utvikling på fleire av miljø-indikatorane. I føretaket har kvar einskild klinikk utpeikt ein miljøkoordinatorar som skal vere bidragsytar i miljøarbeidet. Det har vore kvartalsvise møte, og det ligg føre fleire forbetrings-forslag for miljø og klima som ein arbeidar med.

Ein ser fortsatt miljøfordelar som følgje av færre fly- og bilreiser. I Helse Fonna har det vore ein merkbar auke i bruk av elektroniske møte både internt og eksternt, meir bruk av webinar og elektroniske pasientkonsultasjonar. Dette er både sparande for miljø, og gir ein meir effektiv ressursbruk av tilsette. Det arbeidast vidare med tiltak etter nasjonal indikator der andelen polikliniske konsultasjonar som blir gjennomført over video og telefon skal vere over 20 prosent innan 2030. Framover må ein vere meir opne for å dra nytte av alle dei fordelane teknologiske framsteg tilbyr. Noko som kan muliggjere ei meir berekraftig framtid for vår verksemd.

Føretaket har gjennomført interne revisjonar. Revisjonane er gjennomført i samsvar med revisjonsplan for ytre miljø og blei i 2022 gjennomført virtuelt.

Tema for revisjonane var:

Verifisering, kjennskap, miljøaspekt, miljøpolitikk, mål og program
- Kjemikaliebruk - risikovurdering og kjennskap til chemical manager
- Gjennomføring og oppdatering av ROS analysar knytt til ytre miljø
- Registrering av miljøavvik
- Oppfølging av opplæringsplanar ytre miljø

Føretaket arbeider kontinuerleg med å førebygge og redusere miljøpåverknaden frå dei tenestene ein leverer og den produksjonen ein utfører. Det er utarbeidd eigne rapportar som inneheld avvik og merknadar som blir følgt opp med tiltak slik at desse blir lukka i tråd med interne retningslinjer.

Det er ei eiga avdeling for samfunnsansvar i Sjukehusinnkjøp HF, kor ein arbeider innanfor følgjande fire hovudområder:

- Miljø og klima
- Etisk handel
- Arbeidslivskriminalitet og sosial dumping
- Anti-korrupsjon og leverandørsamarbeid

Det ligg føre ein eigen samarbeidsavtale mellom føretaket og Sjukehusinnkjøp HF.

### Utbyggingsprosjekt

Arbeidet med byggetrinn 1 ved Haugesund sjukehus starta i januar 2018 med første spadestikk og nybygget blei innflytta og teken i bruk august 2021 som planlagd. Ombygging av eksisterande bygningsmasse samt førebuingar for byggetrinn 2 har gått føre seg i 2022.

18

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
AC33009233764E6D9F7B9EAD71CCC656

Byggetrinn 2 ved Haugesund sjukehus blei framskunda og lån blei gitt over statsbudsjettet i 2022. Forprosjektrapporten tilhøyrande byggetrinn 2 blei ferdigbehandla og vedteken med revidert framdriftsplan januar 2023 i styret i Helse Fonna HF og februar 2023 i styret Helse Vest RHF.

Byggetrinn 2 inneber eit nytt påbygg med sengepostar i 3 etasjar over noverande S-blokk og på nye fundament i 7 etasjar som erstatning for delar av dagens Ø-blokk. I tillegg vert to etasjar i S-blokk bygde om til sengepostar som vil henge saman med sengepost i nye SØ-blokk. Det er gjort asbestsanering og forsterking av gammal bygningsmasse i 2022, også ved hjelp av attståande midlar frå byggetrinn 1

## Resultat, investeringar, finansiering og likviditet

**Generelt om rekneskapen**
Rekneskapen for 2022 er sett opp i samsvar med rekneskapsloven av 1998 og god rekneskapsskikk. Rekneskapen for året omfattar resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling og noteopplysningar. Rekneskapen er bygd på grunnleggjande prinsipp for rekneskap i samsvar med god norsk rekneskapsskikk; transaksjonsprinsippet, oppteningsprinsippet, samanstillingsprinsippet, varsemdsprinsippet, kongruensprinsippet, sikring, beste anslag, konsistent bruk av prinsipp og føresetnad om fortsett drift. Ved utarbeiding av rekneskapen må leiinga bygge på føresetnader og anslag som vil påverke rekneskapsførte verdiar av eigedelar, gjeld, inntekter og kostnader, samt noteopplysningar o forpliktingar med vilkår. Faktiske tal kan avvike frå dei opphavlege anslaga. Pensjonsordninga tilfredsstiller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

**Resultat**
Føretaket har eit negativt driftsresultat på 133,3 millionar kroner av ei totalomsetning på 4 245 millionar kroner. Resultat etter finans viser eit underskot på 151,3 millionar kroner som er 131,3 millionar kroner lågare enn resultatkravet frå eigar. I 2022 oppnådde føretaket ein DRG-aktivitet innan somatikk på 41 242 DRG-poeng mot eit mål på 44 772. I 2021 var aktiviteten på 40 378 DRG-poeng.

**Nedskrivingar**
Det er ikkje gjort nedskrivingar i rekneskapen for 2022.

**Investeringar**
Føretaket har gjennomført investeringar for 358,98 millionar kroner. Av investeringane var 313,5 millionar kroner knytt til nybygg prosjektet i Haugesund. Anna bygg, medisinteknisk utstyr, inventar, kommunikasjon (IKT) og transportmiddel står for resterande investeringar.

**Finansiering/likviditet**
Balanseførte lån til eigar var 01.01.22 1 542,5 millionar kroner og er auka til 1 659 millionar kroner 31.12.22. Driftskredittramma mot Helse Vest sin konsernkonto var 31.12.2022 på 255,1 millionar kroner. Saldoen på driftskredittkontoen var 402,17 millionar kroner pr. 31.12.22. Samla disponibel likviditet ved årsskifte var dermed på 657,27 millionar kroner. Føretaket sine likvide midlar på skattetrekkskontoen og kontantar pr. 31.12.22 var på 92,1 millionar kroner.

**Kapital**
Føretaket sin totalkapital (eigenkapital og gjeld) var pr. 31.12.22 4 478 millionar kroner.



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
AC33009233764E6D9F7B9EAD71CCC656

Sum eigenkapital var pr. 31.12.22 1 918 millionar kroner.

**Kontantstraumoppstilling**
Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar var i 2022 på 254,3 millionar kroner. Hovudelementa i dette forutan årsresultatet var avskrivingar på 200,6 millionar kroner, endring i omløpsmidlar på -313 millionar kroner og endring i kortsiktig gjeld med -28 millionar kroner. Med netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar på minus 371 millionar kroner og 119 millionar kroner i netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar, er resten av årets opptente evne til eigenfinansiering overført til 2023. Talet er lågare enn det som er tatt opp i nye lån gjennom året og finansieringsevna er dermed noko svekka.

**Disponering av årsresultatet**
Føretaket sitt årsresultat viser eit underskot på kr 151 321 182 og styret foreslår at dette blir dekka av annan eigenkapital.

**Uvisse og ekstraordinære forhold i rekneskapen**
Det er inga vesentlege uvisse og ekstraordinære forhold i rekneskapen for 2022.

**Økonomisk utvikling**
Styret ser det som eit mål at føretaket for 2023 når eigar sitt resultatkrav på -0,00 millionar kroner.

Helseføretaka må som hovudregel styre og prioritere investeringane sine innanfor tilgjengeleg likviditet. Gjeldande retningsliner for investeringsrammer gjer det nødvendig med positive driftsresultat framover som er i tråd med tildelte midlar.

**Vidare drift**
Styret stadfestar at føresetnaden for framtidig drift er til stades i samsvar med rekneskapslova § 3-3 i. Til grunn for dette ligg at staten har gitt 100 prosent driftsgaranti for helseføretaka, og at føretaket er tilfredsstillande finansiert. Helseføretakslova § 5 seier at det ikkje kan opnast konkurs i helseføretaka. Etterspurnaden etter helsetenester vil ikkje verte mindre framover, både som resultat av demografiske tilhøve og nye behandlingstilbod. Verksemda har såleis eit godt fundament for framtidig aktivitet, også sett i lys av at gjeldande pasientlovgjeving gir pasientane rett til helsehjelp innan gitte fristar. Styret i Helse Fonna HF vil løypande følgje utviklinga. Oppfatninga til styret er at det ikkje er forhold som kan føre til anna enn vidare drift.

Det er ikkje teikna ansvarsforsikring for styremedlemar og dagleg leiar.



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
AC33009233764E6D9F7B9EAD71CCC656

Haugesund 18.04.23

| | | |
|---|---|---|
| Petter Steen jr.<br>Styreleiar | Brian David Bjordal<br>Nestleiar | Helga Arianson<br>Styremedlem |
| Anne Sissel Faugstad<br>Styremedlem | Per Karlsen<br>Styremedlem | Morten Lyngås Føyen<br>Styremedlem |
| Nina Budal<br>Styremedlem | Heiko Bratke<br>Styremedlem | Laura Lill Haavik<br>Styremedlem |
| Ingvill Skogseth<br>Styremedlem | Kjersti Follesø<br>Styremedlem | Anders Hovland<br>Administrerande direktør |



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
AC33009233764E6D9F7B9EAD71CCC656

BDO AS
Luramyrveien 40
Postboks 1107
4391 Sandnes

# Uavhengig revisors beretning

## Til foretaksmøtet i Helse Fonna HF

### Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet til Helse Fonna Hf.

Årsregnskapet består av:

- Balanse per 31. desember 2022,
- Resultatregnskap 2022
- Kontantstrømoppstilling for regnskapsåret avsluttet per 31. desember 2022
- Noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening:

- Oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og
- Gir årsregnskapet et rettvisende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2022 og av dets resultater og kontantstrømmer for regnskapsåret i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med kravene i relevante lover og forskrifter i Norge og International Code of Ethics for Professional Accountants (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

### Annen informasjon

Styret (ledelsen) er ansvarlig for annen informasjon. Annen informasjon består av årsberetningen. Vår konklusjon om årsregnskapet ovenfor dekker ikke annen informasjon.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese annen informasjon. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom annen informasjon og årsregnskapet og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapet, eller hvorvidt informasjon i annen informasjon ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom annen informasjon fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

**Konklusjon om årsberetningen**

Basert på kunnskapen vi har opparbeidet oss i revisjonen, mener vi at årsberetningen

- er konsistent med årsregnskapet og
- inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende lovkrav.

Penneo Dokumentnøkkel: 8KVXG-2GWD8-3WTVA-6VFCB-1QFS5-6PFZC

BDO AS, et norsk aksjeselskap, er deltaker i BDO International Limited, et engelsk selskap med begrenset ansvar, og er en del av det internasjonale nettverket BDO, som består av uavhengige selskaper i de enkelte land. Foretaksregisteret: NO 993 606 650 MVA.

Styrets ansvar for årsregnskapet

Styret (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettvisende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskapets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til:
https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger

BDO AS

Ellen Marie Marvik
statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

Penneo Dokumentnøkkel: 8KVXG-2GWD8-3WTVA-6VFCB-1QFSS-6PFZC

PENNEO

*Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.*

*"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."*

**Ellen Marie Mo Marvik**
**Partner**
På vegne av: BDO
*Serienummer: 9578-5997-4-628197*
*IP: 188.95.xxx.xxx*
*2023-05-02 07:09:58 UTC*

bank ID

*Penneo Dokumentnøkkel: 8KVXG-2GWD8-3WTVA-6VFCB-1QFSS-6PFZC*

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

**Hvordan bekrefter at dette dokumentet er orginalen?**
Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - **https://penneo.com/validator**

# Protokoll frå føretaksmøte i Helse Fonna HF 26.05.2023

**Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:**

- PETTER STEEN (01086241753), signert 31.05.2023 med ID-Porten: BankID
- AGNES LANDSTAD (25076236251), signert 09.06.2023 med ID-Porten: BankID

**Det signerte dokumentet innholder**

- En forside med informasjon om signaturene
- Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
- Digitale signaturer

**Dokumentet er forseglet av Posten Norge**

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Norge AS. Posten garanterer for autentisiteten og forseglingen av dette dokumentet.

**Slik ser du at signaturene er gyldig**

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er sertifisert av Posten Norge AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.

# PROTOKOLL

## FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE FONNA HF

Fredag 26. mai 2023 kl. 08.30 blei det halde føretaksmøte i Helse Fonna HF. Møtet blei gjennomført digitalt.

Saksliste:

1. Føretaksmøtet blir konstituert
2. Godkjenning av dagsorden
3. Årleg melding
4. Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding
5. Godkjenning av godtgjersle til revisor
6. Godkjenning av lønsrapport for leiande personar for 2022

| | |
|---|---|
| Frå Helse Vest RHF møtte: | Agnes Landstad, styreleiar |
| Frå styret møtte: | Petter Steen jr., styreleiar |
| Frå administrasjonen møtte: | Anders Hovland, administrerande direktør |
| Også tilstades: | Inger Cathrine Bryne, administrerande direktør Helse Vest RHF<br>Ivar Eriksen, eigardirektør Helse Vest RHF |

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med helseføretakslova og riksrevisjonslova.



Følsomhet Intern (gul)

Dokumentet er signert digitalt av:

- PETTER STEEN (01086241753), 31.05.2023
- AGNES LANDSTAD (25076236251), 09.06.2023

Forseglet av

Posten Norge

**Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert**

Agnes Landstad, med fullmakt til å utøve eigarmyndigheit på vegne av Helse Vest RHF etter helseføretakslova § 16, ønskte velkommen og spurde om det var merknadar til innkallinga.

Det var ingen merknadar til innkallinga.

Petter Steen jr. og Agnes Landstad blei valt til å underskrive protokollen.

Føretaksmøtet vedtok:

> Innkallinga er godkjend. Føretaksmøtet er lovleg sett.

**Sak 2 Dagsorden**

Møteleiar spurde om nokon hadde merknadar til den utsende dagsorden. Det var ingen merknadar til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

> Dagsorden er godkjend.

**Sak 3 Årleg melding**

Føretaksmøtet skal etter vedtektene § 6 behandle årleg melding.

Helse Fonna HF har utarbeidd årleg melding som blei behandla i styremøte 13. januar 2023, sak 12/23.

I medhald av helseføretakslova § 34 skal Helse Vest RHF sende ei årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet kvart år. Helseføretaka skal sende ei tilsvarande årleg melding til Helse Vest RHF. I den årlege meldinga skal det rapporterast på alle krav i styringsdokumentet.

Årleg melding er ei viktig kjelde til kunnskap om utviklinga i helseføretaket og skal vere tydeleg forankra i styringsdokumentet. Utarbeidinga av årleg melding er ein god moglegheit til å drøfte verksemda i ein heilskapleg samanheng og til å etablere ein felles ståstad for framtidig utvikling.

Helse Vest RHF har gjennomgått den årlege meldinga frå helseføretaket og legg til grunn at både rapporteringa og plandelen er tilfredsstillande.

Føretaksmøtet vedtok:

> Føretaksmøtet tek årleg melding frå Helse Fonna HF til etterretning.



Følsomhet Intern (gul)

Dokumentet er signert digitalt av:

- PETTER STEEN (01086241753), 31.05.2023
- AGNES LANDSTAD (25076236251), 09.06.2023

Forseglet av
Posten Norge

**Sak 4 Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding**

Styret i Helse Fonna HF godkjente i styremøte 18. april 2023, sak 22/23, årsmelding og årsrekneskap for 2022.

Årsrekneskap og årsmelding for 2022 er vidaresendt føretaksmøte for endeleg godkjenning. Føretaksmøtet skal etter helseføretakslova § 43 andre ledd godkjenne årsrekneskap og årsmelding.

Føretaksmøtet vedtok:

> Føretaksmøtet godkjenner årsrekneskap og årsmelding for 2022.

**Sak 5 Godkjenning av godtgjersle til revisor**

Føretaksmøtet skal etter helseføretakslova § 44 andre ledd godkjenne godtgjersle til revisor.

Godtgjersle til revisor for revisjon etter lova er satt til kr. 360.000,-, jf. note 6 til rekneskapen.

Føretaksmøtet vedtok:

> Føretaksmøtet godkjenner godtgjersle til ekstern revisor for ordinær revisjon for 2022.

**Sak 6 Godkjenning av lønsrapport for leiande personar for 2022**

Styret i Helse Fonna HF godkjente i sak 17/23, sak om leiarlønsrapport for 2022.

Føretaksmøtet vedtok:

> Føretaksmøtet godkjenner leiarlønsrapport for 2022.

| | |
|---|---|
| _____________, den ________ | ____________, den _______ |
| Petter Steen jr. | Agnes Landstad |



Følsomhet Intern (gul)

Dokumentet er signert digitalt av:

- PETTER STEEN (01086241753), 31.05.2023
- AGNES LANDSTAD (25076236251), 09.06.2023

Forseglet av
Posten Norge

Admincontrol

# List of Signatures

Page 1/1

**Helse Fonna HF - leiarlønsrapport 2022.pdf**

| Name | Method | Signed at |
|---|---|---|
| Bjordal, Brian David | BANKID_MOBILE | 2023-04-19 11:43 GMT+02 |
| Budal, Nina | BANKID | 2023-04-24 21:09 GMT+02 |
| Follesø, Kjersti Helen | BANKID | 2023-04-19 10:30 GMT+02 |
| Haavik, Laura Lill | BANKID | 2023-04-19 10:25 GMT+02 |
| Føyen, Morten Lyngås | BANKID | 2023-04-19 10:08 GMT+02 |
| Steen, Petter | BANKID | 2023-04-19 10:04 GMT+02 |
| Bratke, Heiko | BANKID_MOBILE | 2023-04-19 23:38 GMT+02 |
| Faugstad, Anne Sissel | BANKID_MOBILE | 2023-04-19 22:06 GMT+02 |
| Arianson, Helga Karin | BANKID_MOBILE | 2023-04-19 14:55 GMT+02 |
| Skogseth, Ingvill | BANKID | 2023-04-19 14:03 GMT+02 |

